

Austebygd barnehage,
Slettevegen 872,
5939 Sletta

Til føresette til _____

Tur til Bogatunet.

Me har tenkt at det kan vera kjekt å ta ein tur på besøk på Bogatunet måndag i neste veke, med dei eldste borna (f. 2011 og 2012) som går i barnehagen denne dagen.

I år er det Austebygd skule og elevane i 4.-7.klasse som er "vertar" på Bogatunet under Kystsogeveke. Elevane vil då vera kledde i "gamle" klede, og dei vil både visa og fortelja litt om korleis livet var på Bogatunet i "gamle dagar".



Dette kan det vera både kjekt og spennande for barnehageborna å få oppleva.

Me kjører kl. 11.45 - måndag 29.august. Planen er at *Janne-Marie, Sissel* og *Torunn* kjører, og at me vert på Bogatunet i ca. 1 time. (Tilbake kl. 13.15)

NB! De må ta med bilstol (eller bilpute) i barnehagen denne måndagen!

Gi eit ord nokon av dykk foreldre også kan vera med å kjøra. Har planlagt å ha 3 barn i kvar bil, men dette kan bli trangt om borna har store bilstolar.

Austebygd barnehage, 24.08.16

Torunn Tolleshaug Hovden
Torunn Tolleshaug Hovden